



## Møteprotokoll

|                  |  |
|------------------|--|
| <b>Utval:</b>    | Fitjar kommune, Kontrollutvalet          |
| <b>Møtestad:</b> | Fitjar rådhus, Møterommet i andre etasje |
| <b>Dato:</b>     | 21.01.2026                               |
| <b>Tid:</b>      | 10:00 - 11:00                            |

### Følgjande faste medlemmer møte:

| Namn                         | Funksjon  | Representerer |
|------------------------------|-----------|---------------|
| Kjell Aleksander Skogsrud    | Leiar     | AP            |
| Karen Elisabeth Rydland Sæbø | Nestleiar | SP            |
| Björg Tislevoll              | Medlem    | H             |
| Johan Ove Sørfohn            | Medlem    | UAVH          |
| Rolf Atle Rolfsnes           | Medlem    | KRF           |

Andre som møtte:

Steinar Dalland, kommunedirektør Fitjar kommune

Malene Hopsdal Grønningen, rådgjevar Vestland fylkeskommune

Amy McEwan-Strand, Seniorkonsulent Deloitte AS

Kjell Aleksander Skogsrud  
utvalsleiar

Malene Hopsdal Grønningen  
utvalssekretær

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Sakliste

| <b>Utvals-<br/>saknr</b> | <b>Innhald</b>  | <b>Arkiv-<br/>saknr</b> | <b>U.Off</b> |
|--------------------------|---|-------------------------|--------------|
|                          | <b>Godkjenningssaker</b>  |                         |              |
| GK 1/26                  | Godkjenning av innkalling og sakliste   |                         |              |
|                          | <b>Politiske saker</b>  |                         |              |
| PS 1/26                  | Godkjenning av møteprotokoll frå møte 26.11.2025                                | 2024/23                 |              |
| PS 2/26                  | Melding om vedtak - budsjett 2026   | 2024/115                |              |
| PS 3/26                  | Forvaltningsrevisjon av landbruksforvaltning i Fitjar<br>kommune - prosjektplan | 2026/1                  |              |
| PS 4/26                  | Møteplan 2026 for kontrollutvalet   | 2024/4                  |              |
| PS 5/26                  | Årsmelding 2025 for kontrollutvalet   | 2024/24                 |              |
| PS 6/26                  | Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval                        | 2023/499                |              |
| PS 7/26                  | Eventuelt   | 2023/498                |              |

## **GK 1/26 Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Saksprotokoll 21.01.2026 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet**

#### **Behandling i møte**

Det framkom ikkje merknad til innkalling og sakliste.

#### **Vedtak:**

Innkalling og sakliste vart godkjent.

## **PS 1/26 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 26.11.2025**

#### **Forslag til vedtak**

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 26.11.2025 vert godkjent.

### **Saksprotokoll 21.01.2026 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet**

#### **Behandling i møte**

Det framkom ikkje merknad til protokoll frå møte 26.11.2025

#### **Vedtak**

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 26.11.2025 vert godkjent.

## **PS 2/26 Melding om vedtak - budsjett 2026**

#### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering og vil nytte denne i vidare handsaming av påfølgjande saker i møtet.

## **Saksprotokoll 21.01.2026 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet**

### **Behandling i møte**

Sekretariatet la fram det vedtekne budsjettet for kontrollutvalet for 2026 og orienterte om den økonomiske situasjonen i kontrollutvalet.

Kommunedirektøren svarte på spørsmål frå utvalet.

Utvalet ønskjer og at det går fram av protokollen at dei meiner det er svært uheldig at løyvingane blir reduserte i så stor grad.

### **Vedtak**

1. Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering og vil nytte denne i vidare handsaming av påfølgjande saker i møtet.

## **PS 3/26 Forvaltningsrevisjon av landbruksforvaltning i Fitjar kommune - prosjektplan**

### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføra forvaltningsrevisjon innan landbruksforvaltning i Fitjar kommune.
2. Eventuelt korrigert prosjektplan vert å senda sekretariatet innan 11.02.2026. Kontrollutvalet gjev utvalsleiar i samråd med sekretariatet fullmakt til å godkjenna endeleg prosjektplan.
3. Kontrollutvalet godkjenner samla timetal inkl. opsjon, i forslag til prosjektplan.
4. Kontrollutvalet ønsker at revisjonsrapporten vert ferdig innan 30.06.2026, ferdig verifisert og med kommunedirektøren sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd, slik at den kan handsamast i kontrollutvalet i første haustmøte i 2026.

## **Saksprotokoll 21.01.2026 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet**

### **Behandling i møte**

Deloitte presenterte handlingsplanen for kontrollutvalet, og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Kommunedirektøren orienterte i samband med saka.

### **Vedtak**

1. Kontrollutvalet tek planen til orientering, og vil kome tilbake til neste møte for eventuell bestilling.
2. Kontrollutvalet vurderer forvaltningsrevisjon av landbruksforvaltninga i Fitjar kommune som svært føremålstenleg, og meiner det er uheldig dersom revisjonen ikkje vert gjennomført. Det vert difor bede om at det vert løyvd ekstra midlar for å få gjennomført planen.

## **PS 4/26 Møteplan 2026 for kontrollutvalet**

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet legg opp til slik møteaktivitet vidare i 2026:

- 25.03.2026
- 27.05.2026
- 03.09.2026
- 18.11.2026

## **Saksprotokoll 21.01.2026 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet**

### **Behandling i møte**

Kontrollutvalet meiner det framleis er formålstenleg å ha fem møte i året, og ønskjer per no ikkje å redusere talet på møte som følge av budsjettkutt.

Johan Ove Sørfonn melde på førehand at han vil ha behov for vararepresentant til møtet 25.03.2026.

### **Vedtak**

Kontrollutvalet legg opp til slik møteaktivitet vidare i 2026:

- 25.03.2026
- 27.05.2026
- 03.09.2026
- 18.11.2026

## **PS 5/26 Årsmelding 2025 for kontrollutvalet**

### **Forslag til innstilling**

Kommunestyret godkjenner årsmelding 2025 for kontrollutvalet.

## **Saksprotokoll 21.01.2026 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet**

### **Behandling i møte**

Kontrollutvalet hadde ei gjennomgang av årsmeldinga for kontrollutvalet 2025.

### **Innstilling**

Kommunestyret godkjenner årsmelding 2025 for kontrollutvalet.

## **PS 6/26 Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval**

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering.

## **Saksprotokoll 21.01.2026 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet**

### **Behandling i møte**

Utvalet orienterte om relevante saker frå sine respektive politiske organ.

Då møtet i utval for plan og miljø vart halde tett opp mot møtet i kontrollutvalet, var protokollen enno ikkje publisert. Sekretariatet vart difor beden om å ta med dette møtet i oversikta til neste møte.

Forslaget til vedtak vart samrøystes.

### **Vedtak**

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering.

## **PS 7/26 Eventuelt**

### **Forslag til vedtak**

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

## **Saksprotokoll 21.01.2026 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet**

### **Behandling i møte**

Kommunedirektøren presenterte handlingsplan knytt til forvaltningsrevisjon av det førebyggjande arbeidet blant barn og unge. Skriftleg materiale frå orienteringa følgjer møteprotokollen.

Sekretariatet svara ut spørsmål om den komande folkevaldoppleringa på Solstrand.

Kontrollutvalet drøfta kommunen sin praksis for tildeling av kulturmidlar. Utvalet ønskjer at kommunedirektøren kjem og orienterer i møtet 25.03.2026.

**Vedtak:**

1. Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.
2. Kontrollutvalet er nøgd med kommunen si handlingsplan, og ber om å få tilsendt ny skriftleg orientering om status i forbedringsarbeidet 04.11.2026.
3. Kontrollutvalet ber kommunedirektøren gje ei orientering om kommunen sin praksis for søknad, handsaming og tildeling av kulturmidlar til møtet 25.03.2026